

JAN ARVID GJØN

DEKKENE I

5730 ULVIK

## TYSSO KRAFTVERK KONSESJONSSØKNAD

### MERKNADER FOR GNR 68 BNR 3I

I planane for konsesjonen for Tyssø kraftverk er trase for røyrgate tenkt plassert i eksisterande tilkomstveg og med få meter avstand til bustadhus og teknisk bygg for drikkevatt. Ei røyrgate for kraftproduksjon så nær opp til bustadhus må seia å vera særleg spesielt. Så langt ein forstår har utbygger varsla oreigning av denne løysinga. Slik planen ligg føre er det særst uheldig for hus og eigedom. Ein anmodar på det sterkaste, og forventar at det i konsesjons handsaminga, vert stilt krav til utbygger om tiltak som reduserar skadeverknader i vesentleg grad, både på kort og lenger sikt.

Serskilte merknader ;


Skisseplan viser at trase for røyrgata vil råka elektriske kablar , privat grunnvassbrønn. Vassleidningar og fordelings kum. Avløpsanlegg med fordelings kum og slamavskiljar. Veg med fylling, parkeringsplass og hageanlegg.

Dersom konsesjonssøklar vel tvangs innløyning av fellews veg, skal vegen etter utbygging ha asfaltdekke II-22/.L60 /160 kg pr. m2. Vegen skal ha 10 tonn akseltrykk og vera heilårsveg for køyretøy.

Ei eventuell utbygging av det konsesjonssøkte anlegget vil medføra behov for innleie av fagleg hjelp og bistand. Slik hjelp må nyttast i planfasen og etter avslutta anleggsperiode.

Alle kostnader ved dette og bruk av eigne tid skal dekkast av konsesjonssøkar.

ULVIK, den 12.06. 15.

  
Jan Arvid Gjør